

Førde IL Orientering

Årsmelding 2024



Årets tur-o klubb i Norge

orientering.fordeidrettslag.no

Oppsummering o-sesongen 2024

(Av Knut Even Hole, leiar Førde IL Orientering)



Nærløp frå Reset.

2024 var eit aktivt år for Førde IL Orientering. Det har vore god aktivitet på alle område. Vi har hatt tilbod til alle aldersgrupper, og det har vore god oppslutning om nærløpa, morO, skulesprint og turorientering. Ekstra kjekt vart det i romjula, då vi fekk melding om at klubben var årets turorienteringsklubb i Norge i 2024.

Premiefesten 30. oktober markerte avslutning nær- og nattløpa. Her var det godt oppmøte og mange som fekk med seg premie heim for å ha deltatt på nærløp samt for lagsmeisterskapa. Det var og premier til tur-o deltakarar.

29 born og ungdom hadde 4 eller fleire løp, og Gaute Osvoll trona også i år øvst på lista med 19 av 20 løp. Han var litt lei seg for at det ikkje var 20 av 20 løp, men løpet han mangla gjekk samtidig som det var Hovudløp og O-landsleir i Fredrikstad, og der deltok han, så vi må kunne seie at det var gyldig fråvær. 23 løparar over 16 år hadde 12 eller fleire løp, og her var det Torbjørn Holsen som var øvst, med heile 20 av 20 løp.

Det har vore ein liten nedgang i antall premier for nærløpa i år, samt ein nedgang i antall startande. I fjor var det ny rekord med totalt 1018 startande, mens vi i år har hatt 976 (inkl. arrangørstaben) fordelt på 17 nærløp, Krinsløpshelga og Sunnfjordorienteringa. Dette gir eit snitt på ca. 49 løparar pr løp. Totalt var det 167 enkeltpersonar med eit eller fleire løp, som og var ein nedgang frå 2023. Fråvær av sol i sommar og haust kan ha ei medverkande årsak til nedgangen.



Gaute Osvoll



Harald Hjellbrekke med god kontroll inn til post.



Innandørstrening gjennom vinteren på Slåtten skule.

morO, som vi starta opp med på hausten i 2023 har helde fram måndagane i 2024. På våren var det Håkon Grønli som var hovudinstruktør, med god hjelp frå Lise Hafstad, Mari Grønli, Andrea M. Ynnesdal og Arian R. Solsvik. Håkon reiste i militære i sommar og då tok Lise Hafstad over rolla som hovudinstruktør, og med seg i haust har ho hatt Andrea M. Ynnesdal og Elisabeth Kusslid.

På innetreninga sist vinter var Håkon Grønli instruktør. Treninga består i oppvarming, sirkeltrening med innslag av ulike o-teknisk trening og avsluttar med landhockey el. før ein tøyar ut og går gjennom det o-tekniske. Treninga er open for alle medlemmane over 12 år, og her er det plass til fleire deltakarar.

Det har vore jobba med diverse kart i år, og Gaute Osvoll og Sjur Skilbrei teiknar skulegårdskart over henholdsvis Hafstadparken og Langeland Skisenter. Målet er å bli ferdig innan utgangen av november. Anja Hole og Håkon har oppdatert skulegårdskarta på Skei og i Bygstad etter at byggearbeidet som har vore her var ferdigstilte. Gaute kan og oppdatere Førde Campus no når sjukehuset er ferdig påbygd. Utfyllande om kart kjem i Teknisk råd sin oppsummering.

O-skulen: Instruktørar for dei yngste var Håkon Grønli og Elisabeth Kusslid. Dei hadde enkel opplæring i kart og kompass for born mellom 8-12 år, fem onsdagar på våren. Det var god deltaking, og alle dei nye fekk rekruttpakke med løparbrikke og kompass til odel og eige. Det var også o-skule for ungdom og vaksne. Her var Henning Tjørrom, Gunnar Gytri og Helge Schei instruktørar. Dette har vore eit fast tilbod i fleire år og det virkar for å være eit populært tilbod.



Rotekoppen vert kvart år avvikla av Breimsbygda. I år var arena Utvikfjellet,

I år vart det helde krinsløpshelg saman med Askvoll og Holmedal IL. Fredag den 3. mai var det KM sprint i Førde sentrum, og laurdagen med krinsløp mellomdistanse i Førdslia, før ferda gjekk til Askvoll på søndag og krinsløp mellomdistanse. Dessverre var det liten deltaking på løpa. Helge Schei var løypeleggar på løpa i Førde.



Førde ungdomsskule var arena for KM sprint og kretsløp i Førdslia første helga i

Sunnfjordorienteringa var onsdag 29. mai med Torbjørn Holsen som løypeleggar. Her var det vanleg godt oppmøte i og med at dei som deltek på nærløpa, også kom på dette løpet.

O-gruppa har mange «jern i ilden» i tillegg til det som alt er nemnt, som til dømes skulesprint, kurs i kart og kompass, tur-orientering, leir og samlingar.

Det er også svært hyggeleg at vi har med oss lokalt næringsliv som støttespelarar. Det gjer at vi kan oppretthalde eit godt tilbud. Våre lokale støttespelarar i 2024 til Førde IL Orientering har vore: Specsavers, Dale Rør, Spar Handelshuset, Naustdal Dampbakeri og Enivest. I tillegg har vi også hatt fått støtte frå Bufdir, Vestland fylkeskommune, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Vestland idrettskrins og Idrettsfondet Sogn og Fjordane.

Då gjenstår det å takke for nok ein O-sesong, takk til alle som bidrar til at vi kan være ein så aktiv klubb.

FØRDE IL ORIENTERING			NÆRLØP/KRINSLØP 2024											
NÆRLØP	DATO		ALK	ALM	BKK	BKM	CLK	CLM	NLK	NLM	KART/ARENA			
01	10.04.24	72	2	13	6	11	8	15	9	8	Moskog/Sunnfj-Museum			
02	17.04.24	79	1	19	7	7	8	12	13	12	Vieåse-Slåtten/Balbana Vieåsen			
03	24.04.24	69	4	19	9	9	6	11	5	6	Halbrend-Flatene/Halbrend Skule			
*04	03.05.24	38									Førde Sentrum/Førde Ungdomsskule			
*05	04.05.24	51									Førdslia/Førde Ungdomsskule			
06	08.05.24	54	2	15	5	10	8	3	5	6	Digernesvatnet/Førde Vassverk			
07	15.05.24	42	1	11	3	9	4	7	4	3	Helhåsmarka/Helgås (Tambarskj.)			
08	22.05.24	43	1	17	4	4	6	6	2	3	Ulvedalane/Dynamittlageret			
*09	29.05.24	52									Digernesvatnet/Etterli			
10	05.06.24	59	2	18	7	9	7	8	4	4	Bringeland/Langeland Skisenter Yngve			
11	12.06.24	50	1	14	3	11	6	10	3	2	Bringeland/Langeland Skisenter Anders			
12	19.06.24	48	2	19	2	7	8	4	1	5	Bringeland/Langeland Skisenter Gøril			
13	26.06.24	32	1	14	3	7	3	4	0	0	Bringeland/Solheimsdalen			
14	07.08.24	29	2	9	3	5	1	7	1	1	Halbrendslia/Notura Reset			
15	14.08.24	34	3	14	3	4	1	4	4	1	Kråkenesmarka/Skyttartun Andrean			
16	21.08.24	48	3	16	4	5	5	7	4	4	Kråkenesmarka/Skyttartun Henning			
17	28.08.24	45	3	18	7	7	2	6	2	0	NB! Bringeland/Langeland Skisenter Kurt			
18	04.09.24	43	4	17	4	8	2	5	1	2	Gjesdalsdalen/Gjesdalsdalen			
19	11.09.24	30	1	11	2	2	4	2	6	2	Sunde Skule/Sunde Skule			
20	18.09.24	50	4	7	8	7	3	4	11	6	Slåtten skule/Slåtten Skule			
Samla		968	37	251	80	122	82	115	75	65				
			827 (Utan krinsløp)				* Samla deltakara på krinsløp med fleire klassar							
NATTLØP			ALK	ALM	AKK	AKM	CLK	CLM						
21	02.10.24	11	0	6	2	0	1	2						
22	09.10.24	16	0	6	1	4	2	3						
23	16.10.24	13	0	9	0	3	1	0						
24	23.10.24	12	1	5	3	3	0	0						
25	30.10.24	21	1	8	3	6	2	1						
				Samla nattløp		62								

Teknisk råd – årsmelding 2024

(Av Torodd Os)



Nærløp i Vieåsen.

Teknisk råd i 2024 har vore: Torodd Os (leiar), Helge Schei (medlem kart), Torbjørn Holsen (medlem lager), Andreas Haug (medlem kartarkivering)

Terminliste - løpsregistrering

Teknisk råd har i 2024, utarbeide terminlista i samarbeid med leiar i FIL orientering for våre nærløp og følg dei opp med registrering i Eventor og følg opp med resultat og LiveloX. Det er gjennomført 17 nærløp, KM Sprint, krinsløp mellomdistanse og «Sunnfjordorienteringa 2024». Har delvis tatt oppfølging på 4 stk. natt-løp med tidtaking og LiveloX registrering. Vi har laga oversikt på tall deltakara i kvar klasse på Nærløpa i år, jfr. vedlegg til årsmeldinga. Oversikta viser 827 startar i år på Nærløpa, med krinsløp 968 startar.

Kartarbeid

Førde sentrum «Masterkart»:

Kartet blir kontinuerleg oppdatert etter kvart som vi registrerer endringar når det gjeld gater, vegar, hus og eventuelle andre inngrep. Siste oppdatering per 1. november gjeld ferdigstilling av oppgraderinga i sentrum, m.a. med rydding av tomta for Førde brannstasjon. Kartet har målestokk 1:5000 og ekvidistanse 2 meter.

Med Masterkartet som grunnlag er fleire kart oppdatert dette året:

Vieåsen-Slåttan:

Ny versjon 30.10.24 på grunnlag av Masterkartet og korrigeringa av Helge og Egil.

Målestokk 1:5000, ekvidistanse 2 meter.

Halbrend-Flatene:

Ny versjon med siste oppdateringar 23.04.24. Målestokk 1:5000, ekvidistanse 2 meter.

Halbrendslia:

Ny versjon 29.06.24 på grunnlag av Masterkartet og resynfaring av Egil våren 2024. I tillegg til oppdatering med nye

høgdekurvar frå Masterkartet om lag opp til Steinbrotet (Førde Granitt), er kartet resynfare i nedre del opp til Steinbrotet. Målestokk 1:10000, ekvidistanse 5 meter.

Hafstadparken:

Ny versjon 30.10.24 på grunnlag av siste oppdatering av Masterkartet. Målestokk 1:5000, ekvidistanse 2 meter.

Førdslia:

Tidlegare kart frå 2009, med seinare oppdateringar, er delvis oppdatert med hus, vegar, stiar og nye (laser) høgdekurvar frå Masterkartet, pluss noko resynfaring av Egil i Presteholten. Knut Even har seinare gjennomført resynfaring på ein stor del av kartet. Målestokk 1:10000, ekvidistanse 5 meter. Oppdatert vinter/vår til løp i mai utført av Knut Even etter hans tilbod på arbeidet. Ferdigstilling ila våren 2025.

Kråkenesmarka:

Kartert er oppdatert 30.07.24 på grunnlag av nye terrenginngrep ved Blomlia og Skyttartun.

Målestokk 1:10000, ekvidistanse 5 meter.

Bringeland:

Synfaring og oppdatering i juni av bygningar og terrenginngrep både ved industriområdet (Aase og Hegrenes As) på Skilbrei, og ny veg og andre endringar ved Langeland skistadion.

Jølster skisenter:

Siste oppdatering av kartet var 23.10.2023.

Kinna:


Justert N-retning og litt korrigerings mht synfaring/teikning. Nye filer er lagt i filarkivet

Gjesdalen:

Justert N-retning og litt synfaring (ny kort veg ut i terrenget mellom Gamlestølen og Trinta), nytt gjerde og privat ved Bakkestølen. Nye filer er lagt i filarkivet.

Fluge:

Kartet er ferdig synfart og teikna. Areal 9 km². Kartkontroll pågår. Norvald Ospehaug er oppnemnt som o-krinsen sin kartkontrollør. Ferdigstilling og utgjeving av kartet er planlagt 2025.



Kart Førdslia revidert 2024. Brukt på krinsløp 5. mai.
Løypeleggar Helge Schei. Løype H19- og D19-.

Slåtten Skule:

Synfaring torsdag 4.4.24 Slåtten skule aust. Til stades: Helge, Torbjørn H, Knut Even og Torodd. Egil møtte men kunne ikkje bli med ut i terrenget.

Skulegårdskart. På skoleorientering.no kan ein sjå kartoversikt

Bygstad skule: Håkon Grønli, ferdigstilte kartet i juli 2024.

Hafstadparken: Gaute Osvoll, arbeid med synfaring og teikning pågår. Planlagt ferdig innan 23.11.2024.*

Skei skule: Anja Hole, har ferdigstilt Skei skule ila 2024.

Langeland skisenter: Knut Even Hole er mentor for Sjur Skilbrei for skulekart Langeland. Langeland skisenter er under arbeid, og vi håper å bli klar til fristen 23.11.2024, om ikkje blir det søkt NOF om utsetting.


Kartoppdateringar, kartplan.

Vi vil vurdere å utvide kartet ved Slåtten skule inn mot elva frå Hjellestølen med ei synfaring i terrenget no i vår. Synfaring gjennomført 4. april, vi var samstemte på att terrenget er godt brukbart til ei utviding av kartet. Ei utviding her kan linkast opp mot Slåtten skule og rekna med det kan søkjast Sparebankstiftinga om tilskot til denne utvidinga.

Område som er aktuelt å utvide er merka her, må vurdere tilpassingar undervegs i kartarbeidet.

Halbrendslia, her er utført oppdatering av Egil til Nærløpet med arena Nortura.

Etter løpet var tilbakemeldingane att terrenget kartet dekker er god brukbar til løp, men her må kartet oppdaterast slik som det vart utført på kartet Førdsli.



Slåtten skule. Ein vurderer utviding av kartet i dette området.

Spelemidlar kart:

Teknisk råd ved Helge har oppfølging av søknad om spelemidlar til Flugekartet.

Løpsutstyr:

I slutten av 2023 vart det kjøpt inn fylgjande utstyr: Ein skulepakke, med avlesar, 10 postbukker, 1 startenheit og 15 løperbrikker.

+ div utstyr til morO.

Kioskeltet var kjøpt inn til DM i Gjestdalsdalen 2023.

Her er oppsett frå 2022, oppdatering for 2024 vil bli gjennomført ved årsskifte.

Posteiningar:

131 stk. på stativ, inkl. 3 stk. målpostar, pluss 17 stk. på plate med opphengssnor

7 stk. starteiningar, alle frå 2019 eller nyare.

Leigebrikker

58 stk. alle frå 2018 eller nyare

Postskjermer

Rikeleg av alle kvalitetar. Dei nyaste (A-kvalitet) bør ikkje brukast til nærløp

MTR4, komplett m/EPR3 og papir. 3 (4) stk. Alle sjekka og i orden.

Startdisplay ESD2. 2 stk. (Sogndal IL eig halvparten av det eine)

Anna utstyr.

Telt. 2 stk. Quick-up, 1 stk. Easy-up, 2 stk. Tunneltelt, 1 stk. Toalettelt.

3 stk. Campingbord og stolar, 2 stk. «Beachflag», oppslagstavler

Turorieringsutstyr. Postflagg, stolpar, stifteklemmer

1 Bærbar PC, 1 Laserskrivar



Ny dør til lageret.

Knut Even har fått godkjenning frå hovudlaget/ansvar for FIL Huset å få byte vindaug med dør, teknisk tok arbeidet med å byte vindaug med dør, arbeidet vart utført i april, det står att foring og listverk inne, håpa å ha det på plass før nyttår. Tiltaket er meldt inn til Sunnfjord kommune og fått tiltaket godkjent.

Trenings- og rekrutteringsråd – årsmelding 2024

(Av Julie Daling)



o-troll-leir 4.-5. mai med Førde ungdomsskule som base.

Trenings- og rekrutteringsrådet har i 2024 vore:

Julie Daling, Anita Hole, Anja Sægrov og Henning Tjørhom.

Aktivitetar i 2024:

O-skule for born, ungdom og vaksne: Er instruksjon av grunnleggande kartforståing og o-teknikk.

Fem onsdagar rett før nærløpa i perioden 10. april til 15.mai. Instruktørar: Håkon Grønli og Elisabeth Kusslid for gruppa 8-12 år, Gunnar Gytri for ungdomsgruppa og Helge Schei for dei vaksne.

O-troll-leir 4.-5. mai. Arrangement i samband med krinsløpa på det nye kartet i Førdsli. 10 deltakarar i alderen 8-12 år frå klubbane Førde, Sogndal, Markane Askvoll og Holmedal. Frå Førde IL deltok Sigrid Botnen, Jørgen Daling Korsøen, Arya og Maximillian Stubhaug Tjørhom. 6 vaksne frå dei ulike klubbane var medhjelparar i gjennomføring av o-aktivitetar, kjøkkentenester og nattevakt. Overnatting på ungdomsskulen med taco-kvelds og god stemning. Søndag var det felles avreise til Askvoll og nytt krinsløp der. Frå Førde IL deltok Morris Sægrov og Jørgen Daling Korsøen på dette løpet.

O-teknisk trening for ungdom: Ungdomane som trente fram til deltaking på Hovedløp og ungdomssamling i Fredrikstad fekk tilbod om ekstra o-teknisk trening på Langeland. Deltakarar: Sjur Skilbrei, Gaute Osvoll og Elisabeth Kusslid. Instruktør: Henning Tjørhom.

Kompetansehelg Gardermoen 2.-3. november

Knut Even Hole, Harald Hjelbrekke deltok på programmet for NOF si kompetansehelg. Julie Daling deltok på NOF sitt Trener 1 kurs, del 1.

morO

Gratis lågterskeltilbod med fokus på lek og aktivitet ute for aldersgruppa 8-12 år. Oppmøtestad er Hafstadparken på måndagar.

Innandørstrening

Tilbod om innandørstrening på Slåtten skule på onsdagar i perioden november-april.

Kompetansehelgen
2.-3. november 2024
Clarion Hotel Oslo Airport

Norsk Orientering inviterer til en helg med inspirasjon, erfaringsutveksling og faglig påfyll. Vi skal styrke våre felles mål om økt aktivitet og utvikling innen orientering.

Program

- Felles åpningsseminar lørdag, parallelle seminarer begge dager.
- Trener-1 kurs, eget program med noe samkjøring.
- Kretsledermøte fredag

Se oversikt på de neste sidene →

Målgruppe

- Ungdom og voksne fra alle klubber
- Nye og erfarne som er glad i orientering

Gode grunner til å delta:
Kompetansehelgen er en flott arena for å få innblikk i norsk orientering, lære mer om din rolle, bygge nettverk og få tips til videre utvikling av egen klubb og utøvere. Med andre ord: Du vil få ny energi og vi kan love mye å glede seg til!

NORSK ORIENTERING



Miljø: Samling på Skihytta på Langeland etter løp. Soft, kaffi og vafler. God drøs kring vegval kring borda, og dei yngste kunne sjå vegval på skjermen på veggen.

Turorienteringsrådet – årsmelding 2024

(Av Harald Hjellbrekke)

Turorienteringsrådet i 2024 har vore samansett av:

Harald Hjellbrekke (leiar), Knut Ivar Osvoll og Sunneve Kalstad (medlem).

Vi har fått god hjelp av Kurt Grønli og Torodd Os til utsetting og nedtaking av postar. Egil Nestande og Knut Even Hole har hjelpt til å lage tur-o-hefte, legge ut info i appen og på nettet og lage statestikkar. Ei stor takk til dei.

Som dei siste åra hadde vi plukka ut områder og vore i marka og merkt opp postplasinga i fjor haust. Dette gjer til at vi kan jobbe med kart og tur-o-hefte på vinteren og komme i gang tidleg på våren. Dei aller fleste postane var på plass til påske. Kaldt og fint ver gjorde det lett å gå på skaresnøen å sette ut postane. Årets sesong gjekk frå 23. mars til 20. oktober. I år utvida vi tilbodet med 6 postar i sjukehusparken. Dette tilbodet var i samarbeid med Helse Førde, eit tilbod til pasientar, ansatte og besøkand. Vi hadde litt problem med at postar vart tatt ned, pga litt uklar kommunikasjon internt på sjukehuset, men det løyste seg, og vi tek sikte på å vidareføre dette til neste år. Då dette var den mest populære turen i år.

Tur-O-hefte

Som i fjor vart det bestemt at vi skulle presentere turorienteringa i eit tur-o-hefte med kart over alle turane og info om korleis ein kan delta ved å registrere seg på nettet eller laste ned ein app og bruke mobilen til å scanne QRkoden på posten. 500 tur-o-hefte vart bestilt. Dei vart og brukt inn mot

skulane, som fekk classesett som dei kunne bruke i opplæringa i bruk av kart kompass, og nytte seg av dei grønne turane som var lagt i nærområde rundt skulane. Desse tur-o-hefta vart også lagt ut til sal på Intersport Erdal Sport som tidlegare år. Det vart ikkje laga egne konvoluttar med registreringskort (klippekort) i år. I år har alle deltakarane registrert alle postane digitalt på mobil og på nett.



Turen rundt Bekkjavatnet var den mest populære skogsturen i år.



Ein sommar med mykje nedbør gjorde at det var høg vass-stand mange stader. Ikkje like enkelt å komme til posten når den ligg ute i vatnet.

Fotoorientering

Vi utvida og tilbodet med fotoorientering som var nytt av året. Det går ut på at vi tek eit bilde av postdetaljen, men heng ikkje ut noko postflagg etter stolpar. På kvart bilde som vi legg inn på kartet skriv vi inn ein postkode, på den måten kan deltakarane registrere i appen at dei har vore på den rette posten. Dette er eit opplegg som skal gjere det meir spennande for dei yngste deltakarane til å prøve turorientering.

Turane

Som tidlegare år har vi i år differensiert turane etter nivå og lengde på turane med farge på turane.

Grøn tur: enkel, kort tur i sentrumsområde, der rullestolbrukarar og folk med barnevogn kan delta, disse turane er gratis, og er lagt opp at skulane kan nytte dei.

Blå tur: Enkel tur i terrenget der ein kan følge sti og andre ledelinjer.

Raud tur: Lengre og meir krevjande tur i terrenget.

Totalt 82 postar på 10 turar.

Etter ynskje frå Norges Orienteringsforbund om mest mogeleg likt opplegg over heile landet, med fargegraderte turar og poeng gav vi ein fast poengverdi på alle postane på samme turen.

Oversikt over turar, område, postar og deltakarar:

Type tur	Område	Postar	Poeng pr post	Tal deltakarar
Grøn tur (foto)	Slåtten skule	5	4	65
Grøn tur (foto)	Førde barneskule	5	4	64
Grøn tur	Halbrend/Flatene	8	4	67
Grøn tur	Sunde/Farsund	8	4	59
Grøn tur	Førde sentrum/Hundvebakke	8	4	74
Grøn tur	Sjukehusparken	6	4	85
Blå tur	Bekkjavatnet	10	6	65
Raud tur	Kinna	10	8	49
Raud tur	Einestøylen	10	8	42
Raud tur	Bringeland	10	8	47

Deltakarrekord

I 2024 har totalt 122 deltakarar vore innom ein eller fleire postar, mot 96 i 2023. Av desse var 25 deltakarar innom alle postane. 35 oppnådde kravet til gullmerke, 4 til sølvmerke, 8 til bronsemerke. 3 deltakarar har teke gull 10 gonger og får sølvplakett, 1 har teke gull 20 gonger og får 20 års-plakett, 1 har teke gull 40 gonger og får 40 års-plakett og 1 har teke gull 45 gonger og får 45 års-plakett. 16 deltakarkonvoluttar (Tur-O-hefte) vart selde på Intersport Erdal Sport og på



Fin postplassering på grøn tur på Sunde med utsikt over Movatnet.

nærløpa våre på våren. Vi ser at dei grøne turane har flest deltakarar, der rekorden i år var turen i sjukehusparken med 85 deltakarar.

Skoda luftetur

Skoda, som er ein av hovudsponsorane til Norges orienteringsforbund, hadde i sommar eit samarbeid om å tilby korte, lette turar rundt omkring i Norge. I det høve vart vi forspurt om vi ville delta på eit slikt opplegg. Det svarte i ja til, og foreslo å bruke postane på den grøne turen i Førde sentrum. Denne turen passa godt inn i opplegget til NOF og låg lett tilgjengeleg. Vi fekk utarbeidd ein plakat som vart sett opp på strategiske stader der turistane stoppar og informert den lokale Skoda forhandlaren om tilbode vårt. Vi veit ikkje kor mange som brukte dette tilbodet, men vi fekk markedsført turorienteringa til nye brukarar.

Førde årets TurO-arrangør.

I romjula kom beskjednen om Norges Orienteringsforbund hadde kåra Førde IL Orientering som årets TurO-arrangør i 2024! Det er ei utmerking som vi set veldig pris på å få.

-Klubben har levert imponerende kvalitet og engasjement», skriv O-forbundet i sin begrunnelse.

Frå Norges Orienteringsforbund: Turorientering er et fantastisk konsept, takket være våre mange ildsjeler og dedikerte arrangører, som hvert år legger ned en enorm innsats. Deres engasjement gjør TurO til den beste måten å kombinere mosjon og naturopplevelser.

Med så mange dyktige kandidater er det alltid en utfordring å velge ut hvem som skal hedres. Utvelgelsen blir stadig mer krevende, og ofte er det bare små detaljer som skiller de nominerte.

Vi er utrolig heldige som har så mange som fortjener en pris – faktisk kunne vi gjerne delt ut enda flere! La oss hylle de som gjør en ekstraordinær innsats og løfter TurO til nye høyder.

Årets TurO-arrangør: FØRDE IL

Begrunnelsen for å velge Førde IL:

Vi gratulerer årets prisvinner – en mindre klubb som har levert imponerende kvalitet og engasjement.


Med morsomme innslag som kubildet på forsiden av TurO-heftet, samt gode fargegraderinger, ryddighet og postbeskrivelser på kart, har klubben klart å skape engasjement og stor turglede.

De tilfredsstillende kriteriene som etterspørres og har hatt en jevn økning siste 3 år.

Klubben gjør TurOrientering morsomt og tilgjengelig for alle.

En velfortjent pris for en klubb som virkelig sprer turglede og MOR-O!

Vi gratulerer årets prisvinner med en velfortjent utmerkelse!



Førde IL Orientering – styre og råd 2024

Styret:

Leiar	Knut Even Hole	Jølstravegen 162, 6819 Førde	90201994	knuteh@hotmail.com
Nestleiar	Yngve Årdal	Langeberget 11, 6812 Førde	91149805	ardalyngve@gmail.com
Styremedl	Torodd Os	Runnaleitet 11, 6812 Førde	91395912	torodd.os@enivest.net
Varamedl.	Julie Daling	Hornnesv. 120, 6809 Førde	99471748	julie.daling71@gmail.com

Teknisk råd:

Leiar	Torodd Os	Runnaleitet 11, 6812 Førde	91395912	torodd.os@enivest.net
Medlem	Helge Schei	Rennebakkane 5, 6812 Førde	90726290	helge.schei@gmail.com
Medlem	Torbjørn Holsen	Resbakken 3, 6819 Førde	91777498	t-holse2@online.no
Medlem	Andreas Haug	Torvberget 15, 6983 Kvammen	46981251	andreas@proresult.no

Trenings- og rekrutteringsråd:

Leiar	Julie Daling	Hornnesv. 120, 6809 Førde	99471748	julie.daling71@gmail.com
Medlem	Anita Hole	Jølstravegen 162, 6819 Førde	48029227	aehole1@gmail.com
Medlem	Anja Sægrov	Haresporet 25, 6814 Førde	91583462	asegrov@gmail.com
Medlem	Henning Tjørhom	Prestebøen 13, 6809 Førde	92077595	henning.tjorhom@gmail.com

Turorienteringsråd:

Leiar	Harald Hjøllbrekke	Grimelandsv. 264, 6811 Førde	97712051	harald.olav.hjellbrekke@enivest.net
Medlem	Knut Ivar Osvoll	Symretunet 1, 6812 Førde	90072542	knut_ivar_osvoll@hotmail.com
Medlem	Sunneve Kalstad	Rennekleiva 20, 6812 Førde	91152492	sunnevek@gmail.com




Følg Førde IL Orientering på Facebook!

Støttespelar Førde IL Orientering 2024

LAST NED ENIVEST-APPEN

Full kontroll på ditt Eninvest-abonnement



WiFi-innstillinger

Kanalveljar

Ordrestatus

Boost

iPhone

Skann QR-koden med kamera på telefonen din for å laste ned

Android

ENIVEST

DALE RØR
VARME OG SANITÆR

Dale Rør – din lokale rørleggjar

Rørleggjararbeid for privat og næring:
Frå små reparasjonar til større prosjekt

Bad og våtrom:
Full oppussing og rehabilitering av bad med høg kvalitet.

Varmeanlegg og varmepumper:
Effektive og energisparande løysingar til heim og bedrift

Service og vedlikehald:
Fast avtale for trygg og påliteleg drift

Kontakt oss i dag
for profesjonell rådgjeving og kvalitet i alle ledd!

www.dale-ror.no | Tlf. 57 72 55 90
Flovegen 4 - 6800 Førde

VVS EKSPERTEN
DET ER KVALITETEN DET KOMMER AN PÅ

BUFDIR

Vestland fylkeskommune

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane


Vestland Idrettskrets

Idrettsfondet Sogn og Fjordane

Støttespelar Førde IL Orientering 2024



Timebestilling: www.specsavers.no eller tlf. 577 20 222



Naustdal Dampbakeri

Nokre resultat 2024-sesongen: LM, KM, DM og Fjord-O



KM sprint Førde 3. mai. Klasse D13-14. Frå venstre Ann Kristin Kusslid, Førde (nr. 3), Ella Ryste Haugsbø, Førde (nr 2) og Isabel Bøthun, Sogndal (nr. 1).

KM sprint Førde 3. mai:

H11-12: 1. Jørgen Daling Korsøen. D80: 1. Brita Eilertsen Grønli. H15-16: 1. Gaute Osvoll. H17: 1. Trygve Hermansen. 2. Torbjørn Holsen. D50: 1. Julie Daling. D40: 2. Bodil Ryste. H60: 3. Johan Magerøy. D13-14: 2. Ella Ryste Haugsbø 3. Ann Kristin Kusslid.

KM mellom Stryn 15. juni:

D80: 1. Brita Grønli. H19: 1. Håkon Grønli. H15.16: 2. Gaute Osvoll. H50: 2. Marius Dalin. H60. 1. Gunnar Gytri. 2. Harald Hjellbrekke. H70: 3. Torodd Os.

KM lang Vetten 16. juni:

H15-16: 1 Gaute Osvoll. H19: 2. Torbjørn Holsen. H50: 1. Yngve Årdal. 2. Marius Dalin. H60: 1. Gunnar Gytri. 2. Harald Hjellbrekke.

KM natt Naustdal 25. september:

H17: 2. Andreas Haug. H50: 1. Torbjørn Os. 2. Knut Even Hole. H60: 2. Lars Kyte. H70: 1. Kurt Grønli.

Vestlandsmeisterskap mellom 17.august:

H15-16: 6. Gaute Osvoll.

Vestlandsmeisterskap lang 18. august:

H15-16: 7. Gaute Osvoll

Fjord-O dag 1:

H65: 1. Gunnar Gytri. H75: 3. Torodd Os. D13-14: 5. Ann Kristin Kusslid. H75: 5. Helge Schei. H11-12: 5. Jørgen Daling Korsøen. D15-16: 6. Elisabeth Kusslid. H15-16: 8. Gaute Osvoll.

Fjord-O dag 2:

D13-14: 1. Ann Kristin Kusslid.H75: 3. Torodd Os. H11-12: 3. Jørgen Daling Korsøen. H65: 4. Gunnar Gytri.
H75: 4. Helge Schei. D50: 6. Julie Daling. H15-16: 8. Gaute Osvoll.

Fjord-O dag 3:

D15-16: 4. Elisabeth Kusslid.H45: 4. Henning Tjørhom. H75: 4. Helge Schei. D13-14: 5. Ann Kristin Kusslid.
H15-16: 7. Gaute Osvoll. H65: 13. Harald Hjellbrekke.

Fjord-O dag 4:

D13-14: 1. Ann Kristin Kusslid. H45: 2. Henning Tjørhom. H75: 4. Helge Schei. H15-16: 8. Gaute Osvoll. H65:
15. Harald Hjellbrekke.

Lagsmeisterskap.				
	ALK	ALM	BK	BM
Sprint				
1	Bodil Ryste	Håkon Grønli	Julie Daling	Kenneth Husevåg-Lobben
2	Anja Sægrov	Anders Slåtten	Kjellfrid Stølen Skilbreid	Martin Olai Spjutøy
3	Brita Eilertsen Grønli	Trygve Hermansen	Anita Hole	Knut Even Hole
Mellom				
1	Ingen	Andreas Haug	Julie Daling	Arnis Abolins
2		Torbjørn Holsen	Elisabeth Kusslid	Erlend Husevåg-Lobben
3		Torbjørn Os	Kjellfrid Stølen Skilbreid	Knut Ivar Osvoll
Lang				
1	Ingen	Ole Martin Erdal	Julie Daling	Johan Magerøy
2		Trygve Hermansen	Kjellfrid Stølen Skilbreid	Marius Dalin
3		Torbjørn Holsen		Kurt Grønli
Natt				
1	Ingen	Torbjørn Holsen	Ingen	Jostein Fredly
2		Torbjørn Os		Kurt Grønli
3		Gunnar Gytri		Arnis Abolins



Deltakarar på KM natt i Naustdal.

Rekneskapen 2024

Inntekter					Utgifter				
Konto	Kontoklasse/budsjettkapitte	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Konto	Kontoklasse/budsjettkapitte	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap
nr.		2024	2024	2023	nr.		2024	2024	2023
	INNTEKTER TOTALT	562 184	583000	645 056		UTGIFTER TOTALT	607 529	577500	477 939
	MEDLEMSINNTEKTER	42 690	40000	36 710		KOSTNAD DELTAKIN I STEMN	66 252	70000	72 420
3070	Eigenandel deltaking på løp	42 690	40000	36 710	4101	Deltakaravgift/Startpengar	44 800	50000	46 920
					7140	Reiseutgifter	21 452	20000	25 500
	INNTEKTER ARRANGEMENT	26 366	25000	43 040					
3350	Startkontingent krinsløp	12 050	15000	0		KOSTNAD EIGE ARR.	88 266	57000	69 877
3351	Startkontingent andre løp	1 736	0	37 820	4132	Turorientering	25 401	25000	24 309
3352	Deltakaravgift tur-o.	12 580	10000	5 220	7420	Premiar	6 754	7000	13 177
					4107	Andre utgifter arrangement	53 996	20000	25 440
	SALGSINTEKTER	73 199	70000	78 092	4331	Kiosk	2 115	5000	6 951
3032	Kiosk	6 640	10000	26 829					
3100	Fritt salg	11 923	5000	4 450		TRENING, INSTRUKSJON	78 913	90000	97 853
3103	Sponsorinntekter fritt	40 500	45000	42 500	4230	Samlingar, leirar	17 175	20000	32 761
3105	Andre avgiftsfrie inntekter	4 879	5000	3 065	4231	Trenerhonorar/reiseutgifter	52 692	20000	41 021
3550	Salg av utstyr	9 257	5000	1 248	4102	Aktivitets og varekostnader	1 046	10000	8 872
					5007	Honorar trening/instruksjon	8 000	40000	15 200
	TILSKOT	373 489	392000	439 304					
3903	LAM middler til gruppene	27 913	27000	25 000					
3442	Off. tilskudd/midler/gave	140 000	180000	187 000		KART, ANLEGG, UTSTYR	292 101	260000	182 098
3443	Andre tilskot	174 541	150000	197 038	4103	Utstyr/varer/treningsutstyr	14 303	10000	61 399
3904	Momskompensasjon	31 035	35000	30 266	4431	Kartprosjekt	123 750	150000	90 250
					4432	Nærmiljøkart	93 141	95000	28 449
	TRENING, INSTRUKSJON	46 440	50000	47 910	4340	Innkj. av varer for videresalg	60 907	5000	2 000
3204	Startkontingent nærløp	42 540	45000	43 110					
3200	Akademi/Trening/Skule	3 900	5000	4 800		KONTIGENTAR	18 930	40000	35 195
					7400	Kontigenter/gaver	18 930	40000	35 195
	RENTEINNTEKTER	12 415	6000	5 455					
8050	Lagskonto (3700.07.15094)			0		ADMINISTRASJON	61 014	60500	17 611
8051	Sparekonto (3700.58.54246)	12 415	6000	5 455	6800	Porto, papir, telefon	17 356	7000	7 501
					6300	Lokalleige	1 802	2000	1 560
	RESULTAT	-45 345	5 500	167 117	6860	Møte, kurs	5 865	15000	1 050
					6610	Drift hus	28 491	29000	0
					6700	Regnskapshonorar	7 500	7500	7 500
	FINANSPOSTER								
	Renteinntekter	12 415	6 000	5 455		FINANSKOSTNADER	10 227	3000	2 570
	Gebyr og renteutgifter	2 188		2 885	7770	Gebyr (bank, post)	2 053	3000	2 885
	Netto finansposter	10 227	6 000	2 570	7781	Gebyr (vipps)	0	0	0
					8051	Renter	12 415	0	5 455
	ÅRSRESULTAT	-33 065	5 500	172 572	8155	Rentekost. leverandørgjeld	135	0	0
						BANKKONTOAR			
					1942	Bankkonto (3700.07.15094)	53 923,83		
					1944	Sparekonto (3700.58.54246)	467 802,03		
						Totalt bank	521 725,86		

Kommentar til rekneskapen 2024

Rekneskapen for 2024 viser eit underskot på kroner kr 32.865.

Det har kome inn mykje tilskot takka være stor innsats med søknadsskriving. Samt at vi fekk tildelt ein stor del av tilskotet frå SFOK for skulesprint sidan Førde var veldig aktiv på skulane i år.

Grunna problem med rapportering mot spelemidlar for Gjesdalskartet så har vi ikkje fått utbetalt restbeløpet på kr 18000, men dette er under arbeid. Vi fekk avslag på spelemiddel søknaden for Flugekartet, men har fått tilbod om å sendt inn søknad om forskotering.

Det har også i år vore ei auke i deltakarar på nærløpa. Når det gjeld K-løp og N-løp så er det omtrent som i fjor. Dessverre har deltakinga gått ned med barn og unge som reiser på løp, så utgiftene til påmeldingsavgifta klubben dekker for dei har gått kraftig ned.

Sidan vi kun har arrangert KM sprint og eit kretsløp, samt Sunnfjordorienteringa, med låg deltaking, så har det ikkje blitt dei store inntekter på arrangement i år. Sponsorar har støtta oss i år og, nokre av dei på tredje året på rad.

Vi valte å supplere med klubbdrakter i år, sidan lageret var tomt for størrelsar det gjekk mest ut av. Dette er grunnen til underskotet i år, men så har vi no eit godt utval av drakter på lager for sal.

Balansekonto

Balansekonto			
Balansekonto			
Nr.	Kontonavn	Regnskap i år	Regnskap i fjor
EIGENDELER			
1500	Kundefordringer	5999	-775
1501	Kunder gruppene	4115	4115
1502	Hovedlaget korrigerter kunder	3610	3610
1522	Vipps	0	-294,75
1570	Andre kortsiktige fordringer	7258,23	7500
1902	Kasse	686	-29015
1926	Bankkonto 3700.58.54246	467 802,03	277573,93
1949	Sparekonto 3700.07.15094	53923,83	326777,45
Eigendeler		543394,09	589491,63
EIGENKAPITAL OG GJELD			
2050	Annen egenkapital	557129,26	-384557,84
Udisponert resultat (ikkje bokført)		33065,35	-172571,41
2381	Uavklarte billag	0	0
2400	Leverandørgjeld	-369,82	-4243,48
2990	Annen kortsiktig gjeld	19700	-28118,9
Eigenkapital og gjeld		543394,09	-589491,63

Budsjett 2025

Inntekter					Utgifter				
Konto nr.	Kontoklasse/budsjettkapittel	Budsjett 2025	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Konto nr.	Kontoklasse/budsjettkapittel	Budsjett 2025	Rekneskap 2024	Budsjett 2024
	INNTEKTER TOTALT	501000	562384	583000		UTGIFTER TOTALT	490500	607529	580500
	MEDLEMSINNTEKTER	45000	42 690	40000		KOSTNAD DELTAKIN I STEMNE	65000	66 252	70000
3070	Eigenandel deltaking på løp	45000	42 690	40000	4101	Deltakaravgift/Startpengar	45000	44 800	50000
					7140	Reiseutgifter	20000	21 452	20000
	INNTEKTER ARRANGEMENT	16000	26 366	25000					
3350	Startkontingent krinsløp	6000	12 050	15000		KOSTNAD EIGE ARR.	86000	88 266	57000
3351	Startkontingent andre løp	0	1 736	0	4132	Turorientering	25000	25 401	25000
3352	Deltakaravgift tur-o.	10000	12 580	10000	7420	Premiar	7000	6 754	7000
					4107	Andre utgifter arrangement	50000	53 996	20000
	SALGSINTEKTER	75000	73 199	70000	4331	Kiosk	4000	2 115	5000
3032	Kiosk	10000	6 640	10000					
3100	Fritt salg	10000	11 923	5000		TRENING, INSTRUKSJON	95000	78 913	90000
3103	Sponsorinntekter fritt	45000	40 500	45000	4230	Samlinger, leirar	20000	17 175	20000
3105	Andre avgiftsfrie inntekter	5000	4 879	5000	4231	Trenerhonorar/reiseutgifter	50000	52 692	20000
3550	Salg av utstyr	5000	9 257	5000	4102	Aktivitets og varekostnader	5000	1 046	10000
					5007	Honorar trening/instruksjon	20000	8 000	40000
	TILSKOT	307000	373 489	392000					
3903	LAM middle til gruppene	29000	27 913	27000					
3442	Off. tilskudd/midler/gave	100000	140 000	180000		KART, ANLEGG, UTSTYR	180000	292 101	260000
3443	Andre tilskot	145000	174 541	150000	4103	Utstyr/varer/treningsutstyr	15000	14 303	10000
3904	Momskompensasjon	33000	31 035	35000	4431	Kartprosjekt	60000	123 750	150000
					4432	Nærmiljøkart	100000	93 141	95000
	TRENING, INSTRUKSJON	48000	46 440	50000	4340	Innkj. av varer for videresalg	5000	60 907	5000
3204	Startkontingent nærløp	45000	42 540	45000					
3200	Akademi/Trening/Skule	3000	3 900	5000		KONTIGENTAR	20000	18 930	40000
					7400	Kontigenter/gaver	20000	18 930	40000
	RENTEINNTEKTER	10000	12 415	6000					
8050	Lagskonto (3700.07.15094)					ADMINISTRASJON	44500	61 014	60500
8051	Sparekonto (3700.58.54246)	10000	12 415	6000	6800	Porto, papir, telefon	10000	17 356	7000
					6300	Lokalleige	2000	1 802	2000
					6860	Møte, kurs	10000	5 865	15000
					6610	Drift hus	15000	28 491	29000
					6705	Regnskapshonorar	7500	7 500	7500
	Sum inntekter	501000	562384	583000					
	Sum utgifter	490500	607529	580500		FINANSKOSTNADER		10 362	
	Budsjettert over/underskudd	10500	-33065	2500	7770	Gebyr (bank, post)	2500	2 053	3000
					8051	Renter	10000	12 415	0

Kommentar til budsjett 2025

Det er venta eit år med noko lik drift som i 2024. Vi har i år ikkje noko store kartprosjekt, men til gjengjeld har vi heile 5 ungdomar som vil teikne skulegards-kart.

morO vil fortsette i år og, men kanskje i ei anna form enn tidlegare om vi får i gang eit treningstilbod for alle aldrar. Vi er på siste året av tildelinga av tilskot til morO frå Bufdir var på 3 år.

Det er kome signal frå Vestland fylkeskommune om at det truleg ikkje blir tildelt tilskot frå dei i år, så vi lyt prøve andre tilbydarar.

Vi håpar at sponsorane vel å fortsette saman med oss, og kanskje klarer vi å knytte til oss fleire. Suksessen med Tur-O heftet vil vi fortsette med også i år. Rundt 400-450 hefter vil bli delt ut på utvalgte skuleklassar. Budsjettet viser eit lite overskot på kr 10.500,-.

TILTAKSPLAN FOR FØRDE IL Orientering, SESONGEN 2024

Kontaktperson: Knut Even Hole knuteh@hotmail.com

Tiltaksområde	Mål	Tiltak	Hvordan (beskriv)	Tidspunkt	Ansvarlig	Ønsket resultat	Rapport resultat
Heimeside/FB/Instagram	Nå flere	Vidareutvikle plattformene og opprette nye	Gjere innslaga spennande og informative og komme oss inn på nye plattformer.	Vår+heile 2024	Yngve/ styret /alle	Nå ut til større publikum, spesielt yngre.	Jamleg utlegg av saker
O-brosjyer	Fleire på løp	Utarbeide brosjyre	Lage brosjyre for å synliggjere aktiviteten vår og kor vi held til.	Innen April	Styret + Tur-O	200 brosjyrer til utdeling og utlagt på skuler etc.	Utdelt på alle skulane samt lagt på div venterom/infotavler
Plakater	Fleire på løp	Utarbeide Plakater	Lage plakater som synleggjer aktiviteten vår.	Innen April	Styret	Henge opp plakater på venterom, skuler, sjukehus etc.	Hengt opp på offentlege tavler og på skulane.
Sammarbeids partnere	Få fleire sponsorer	Kontakte nye og gamle sponsorer	Omarbeide kontrakt og oppsøke bedrifter	Vår 2024	Yngve/ Knut Even	2-4 sammarbeids partnere	5 sponsorar: Spar på Alti, Eninvest, Naustdal Damp, Dale Rør og Specsavers
Tilhørighet	Fleire som representerer klubben	Informere medlemmer	Salg av klubbdrakter fra lager.	Vår	Styret	Lavterskel tilbud på drakter under 25 år.	Nyinnkjøp av draker for salg
Skulesprint	Tilbud til skulane	Tilby løyper og utstyr	Kontakte skulane og informere om at der fins kart rundt dei forskjellige skulane og tilby løyper og utstyr.	Vår/Haust	Styret/ Teknisk råd.	500 elever som har deltatt med orientering i regi av skulane.	1590 Elevar har deltatt.
Nærløp	Aktivitet for alle	Løyper av ulike vanskelighetsgrad	Gjennomføre 17 nærløp + 3 K-løp + 6 nattløp	onsdagar apr-nov.	Teknisk råd	10-20 nye løpere, 4-5 nye familier	Oppnådd antall løparar 3 nye familier
OCAD/ PurplePen / Riktige løyper	Fleire løypeleggarar /kvalitetssikring	Temakveld	Invitere løypeleggara og medhjelpere til temakveld med tanke på gjennomføring av nærløp/løypelegging.	Vår, mars- 24	Teknisk råd/Heige	Tilnærma likt arrangement kvar onsdag med ulike arrangørar	Ikkje utført
Ocad/ PurplePen kurs	Fleire løypeleggere	Sende ut Link på tilgang til NOF sine opplæringar i løypelegging.	Vi tilbyr Mentor for dei som ønskjer det i tillegg er nokre løp sett opp med Mentor rolle.	Vår/haust 2024	Styret / Teknisk råd	3-4 nye løypeleggarar som bruker Ocad/ PurplePen	Ikkje utført

Tiltaksområde	Mål	Tiltak	Hvordan (beskriv)	Tidspunkt	Ansvarlig	Ønsket resultat	Rapport resultat
Eventor / EQiming/ Livelox	Få med nye	Temakveld	Tilby medlemmar som ønskjer å gjennomgå bruken av programma. Alle ansvarlege på nærlopa, får ei påminning om noko vil delta.	Vår 24. mars	Teknisk råd/ Torodd	3-4 nye som kan sette opp løp/tidtaking.	Delvis utført
O-kart	Nye kart, oppdatering på kart og utviding av noverande kart	Kartmøte	Samle aktuelle medlemmar til eit kartmøte.				Ikkje utført, har hatt synfaring på Slåtten
Omaps	Rette kart i O-Maps	Oppdat. O-Maps	Sjekk av alle våre kart i databasen	2024	Teknisk råd/ Andreas	Få oversikt over kva kart klubben har tilgjengelig for alle.	Starta med Kartarkivet
Løypedatabase	Enklere oversikt over langte løyper	Oppdatere filarkiv	Oppdatere filarkiv på heimesida, der medlemmer har tilgang til å legge inn PDF av løyper	Sesong 2024	Knut Even	Enklare å sjå kor tidligare løyper har vore, samt enklare å spore opp manglende utstyr.	Utført
Middler/ref.	Oversikt over støtteordn.	Sette seg inn i støtteordn. opprette kontakter	Få kunnskap om ulike støtteordn/refusjon, og sende inn søknad	vår + heile 2024	Styret/ Teknisk råd.	Oversikt og kunnskap om støtteordninger.	Utført
Skulegårdskart	Fleire til å teikne kart	Kurs / mentor	Teikne kart	Vår/ Sommar	Styret/ Teknisk råd./Gunnar	1 nye til å teikne kart.	Sjur Skilbrei ny teiknar, Gaute laga kart over Hafstadparken
Rekruttering skule	Motivere elevar og lærar for orientering	Verdens o-dag	Invitere skulane pr. e-post. Dele ut Tur-O-pakke til dei som er interessert med terminliste. Trene til verdens o-dag. Aktivitetsbanken.	Veke 18	Julie - Førde Anja - Flatene Anita - Slåtten	Alle elevane i 5.-7. klasse deltek	Utført
Rekruttering	15 nye barn og deres foreldre blir aktive medlemmer.	Rekrutteringstrening	Fast trening i Hafstadparken m/ kveldsmat i 7 veker. Svært enkle fartsfylte opplegg. Trykte løyper, EKT. God oppfølging/informasjon. Invitere skulane	Veke 16, 18, 21, 23, 25 ,35, 37	Styret / Trenings. Rekr-råd	10-15 barn fast oppmøte m/foreldre	Ikkje utført
Rekruttering	15 nye barn og deres foreldre blir aktive medlemmer.	Profilering på Helse Førde stafetten	Stille lag og arrangere rakettløype	June-1	Anita Hole	Markedsføring, få nye med på treningskveld / nærlopp	Utført, Harald, Sjur og Storm stilte med opplegg

Tiltaksområde	Mål	Tiltak	Hvordan (beskriv)	Tidspunkt	Ansvarlig	Ønsket resultat	Rapport resultat
Rekruttering	15 nye barn og deres foreldre blir aktive medlemmer.	O-skule til born, ungdom og vaksne O-troll-leir FUSK. . 8-12	6 fyrste vekene i sesongen	innan april	Julie Daling	Totalt 15-20 deltakarar	Utført
Ungdoms-arrangement	5 nye ungdom blir aktive medlemmer	Ungdomssamling FUSK. 13 -19 Felles tur til krinsløp Markane Vintertrening. For medlemmar i alder 13 og oppover.	Felles lokalisering med ungdom- forskjellig opplegg? Testing av livebox, sosialt samvær. Invitere ungdom frå Hordaland Felles transport og overnatting. Få flest mogeleg med. Program for oppleving i Stryn Innandørs trening på Slåtten skule onsdag kl.19-20.	4-5 mai 4-5 mai 3.-4.juni oktober - mars	Julie Daling Anita Hole Julie Daling Anja Sægrov	10-15 deltakarar Bevare dei ungdomane vi har og få med 5 nye medlemmer 3 deltakarar	Utført Ingen påmeldt 3 deltakarar
Rekruttere fleire unge vaksne	Få med 5 nye i alderen 18 - 30	Invitere studentar og U40 spesielt.	Klubbkveld med gateorientering i Førde eller i Vieåsen. Henge opp plakat/ flyers på folkehøgskulen, klatrehallen, Campus Vie. Sosiale media.	innan april	Anja Sægrov		U40 la ut invitasjon til eit nærløp
Kompetanse	Medlemar	Nettkurs Krisen sitt trenar-1 kurs	Sende invitasjon til NOF sine webinar.	Vinter	Styret		Utført
Førde barneskule - grøn tur foto	5 postar H 1-5	foto	Bruk i skulen - gratis	23.03.2024	Kurt / Harald	Fleire yngre brukarar. Aktivitet for nye brukarar. 500 elevar brukar grønne turar i skulen.	Julie gått del 1 Utført
Slåtten - grøn tur foto	5 postar F 6-10	foto	Bruk i skulen - gratis	23.03.2024	Kurt / Harald		Utført
Sjukehusparken - grøn tur	5 postar F17-22	stolpar	Tilbod til pasintar - gratis	23.03.2024	Knut Ivar		Utført
Førde sentrum - grøn tur	8 postar F 9-16	stolpar	Bruk i skulen - gratis	23.03.2024	Kurt / Harald		Utført
Halbrend/Flatene - grøn tur	8 postar F 1-8	stolpar	Bruk i skulen - gratis	23.03.2024	Kurt / Harald		Utført
Sunde/Farsund - grøn tur	8 postar F 25-32	stolpar	Bruk i skulen - gratis	23.03.2024	Kurt / Harald		Utført

Tiltaksområde	Mål	Tiltak	Hvordan (beskriv)	Tidspunkt	Ansvarlig	Ønsket resultat	Rapport resultat
Bringeland – raud tur	12 postar C 1-12	postflagg	Fint terreng for	01.05.2024	Harald/Sunneve	Fleire nye som deltek i aktiviteten. Spesielt familiar.	Utført
Kinna – raud tur	10 postar B 1-10	postflagg	å auke interessa	01.05.2024	Kurt		Utført
Einestøylen – raud tur	10 postar D 1-10	postflagg	Legge turar på nye plassar	12.04.2024	Harald/Sunneve		Utført
Bekkevatnet – blå tur	10 postar A 1-10	postflagg	Legge turar på nye plassar	12.04.2024	Sunneve		Utført
Tur-o appen	50 brukara	Legge inn kart og info i appen		23.03.2024	Knut-Ivar/Egil	Fleire yngre som brukar mobil på tur	Utført
Tur-o hefte	500 stk	Trykke hefte	Utdeling til skular og salg	23.03.2024	Knut Even /Harald	Øke deltakartalet	Utført
Salg i butikk og på løp	Innsalg	Tur-o hefte	Erdal Sport/på løp/tur-o appen	Heile sesongen	Harald	100 deltakara	Utført
Utdeling til sponsora	Presentasjon	Tur-o hefte	Presntere sponsorpakke	15.05.2024	Yngve/Harald	Nye deltakara	Utført
Rekrutering	Få med nye	Gratis grøne turar	Utdeling på nær o-løp	Heile sesongen	Tur-o rådet	30 Kartpakkar	Solgt hefte til halv pris.
Få med medlemmer i FIL	Få med nye	50% avslag	Medlemmer FIL, mot å reg. under o-gruppa	Heile sesongen	Knut Even	Få med FIL i markedsføringa	Ikkje mogleg å få til.
Markedsføring	Gjere kjent	Markedsføre	På alle sosiale plattformere	Sesongstart	Yngve/Harald	Fleire nye brukara	Utført
	Gjere kjent	Markedsføre	Sette opp plakatar	Sesongstart	Harald	Fleire nye brukara	Utført
Oppfølgingen av tur-o	Hindre fråfall	Bilder og tekst	På alle sosiale plattformere	Heile sesongen	Yngve/Harald	Alle løyper	Utført
Sesongen 2025	70 postar	Nye område	Merke i terrenget og på kart	Haut	Tur-o rådet	Alt klart til neste sesong	Utført

Lagerbeholdning klubb drakter																			
	Størrelse											Pris ordinær	Klubb pris				Ordinær pris total	Klubb pris	Total
Beskrivelse	120	130	140	150	XXS	XS	S	M	L	XL	XXL	Barn	Voksen	Barn	Voksen			rabatt	
Løpsjakke	1	2	2	1	0	3	4	8	4	2	2	799	869	300	500	24571	12700	11871	
Løpstrøye SS	1	2	2	2	0	5	4	4	5	4	2	399	469	100	300	13699	6900	6799	
Løpstrøye LS		1										469	529	469	529	469	469	0	
Singlet							1	1				269	329	269	329	658	658	0	
Total varelagerverdi																39397	20727	18670	
(Denne sum er ca sidan Noname regnar born storleik 130-150, og klubben setter <19år)																			
Lagerbeholdning rekruttpakker																			
Beskrivelse		Antall		Pris		Total													
Rekruttpakke venstre		13		600		7800													
Rekruttpakker høgre		2		600		1200													
Total varelagerverdi						9000													
Lagerbeholdning løperbrikker																			
Beskrivelse		Antall		Pris		Total													
Løperbrikke m/diode		6		830		4980													
Løperbrikke u/diode		1		700		700													
Total varelagerverdi						5680													
Total varelagerverdi klubb drakt og rekruttpakker:												54077							

Utstyr, verdi pr. 31.12.24

Type	Inkjøpt Sist endra	Antall nytt	Antall i dag	Pris per stk	Nyverdi	Forbruk/ verditap	Verdi i dag	Forsikr.- sum
Kart digitale								
Angedalen skule	2018	1	1	10,000	10,000	0	10,000	
Bringeland	2024	1	1	300,000	300,000	0	300,000	
Digernesvatnet	2023	1	1	200,000	200,000	0	200,000	
Førdsli	2024	1	1	50,000	50,000	0	50,000	
Gjesdalen	2023	1	1	300,000	300,000	0	300,000	
Grimelandshaug	2018	1	1	50,000	50,000	0	50,000	
Hafstadparken	2024	1	1	30,000	30,000	0	30,000	
Halbrend/ Flatene	2024	1	1	30,000	30,000	0	30,000	
Halbrendslia	2024	1	1	40,000	40,000	0	40,000	
Kinna	2024	1	1	280,000	280,000	0	280,000	
Kråkenesmarka	2024	1	1	100,000	100,000	0	100,000	
Langeland skisenter	2024	1	1	5,000	5,000	0	5,000	
Klappene	2024	1	1	15,000	15,000	0	15,000	
Sunde-Farsund	2024	1	1	35,000	35,000	0	35,000	
Tefre	2018	1	1	30,000	30,000	0	30,000	
Ulvedalane	2024	1	1	50,000	50,000	0	50,000	
Vieåsen/Slåtten	2024	1	1	20,000	20,000	0	20,000	
Skulegårdskart:								
Bygstad skule og barnehage	2024	1	1	15,000	15,000	0	15,000	
Flatene skule	2023	1	1	10,000	10,000	0	10,000	
Førde Barneskule	2020	1	1	15,000	15,000	0	15,000	
Hafstadparken	2024	1	1	10,000	10,000	0	10,000	
Halbrend skule	2023	1	1	10,000	10,000	0	10,000	
Sande skule	2023	1	1	15,000	15,000	0	15,000	
Skei skule	2024	1	1	15,000	15,000	0	15,000	
Slåtten skule	2023	1	1	10,000	10,000	0	10,000	
Sum kart					1,645,000	0	1,645,000	0

Utstyr, verdi pr. 31.12.24

Løpsutstyr								
Postbukkar med EKT (nyare enn 5 år)		93	93	900	83,700	20,925	62,775	62,775
Postbukkar med EKT (eldre enn 5 år)		50	50	900	45,000	22,500	22,500	22,500
Postenhet Joker B		1	1	760	760	190	570	570
Starteining		8	8	900	7,200	1,800	5,400	5,400
Måleining		3	3	1,000	3,000	750	2,250	2,250
Postskjermar (B- og C-kvalitet)		120	120	45	5,400	2,700	2,700	2,700
Postskjermar (A-kvalitet)		70	70	60	4,200	1,050	3,150	3,150
Nattrefleks rød/kvit/blå		41	41	60	2,460	615	1,845	1,845
Sum løpsutstyr					150,320	49,915	99,685	99,685
Tidtakarutstyr/ klokker								
MiniTime Recorder, MTR 4		4	4	12,000	48,000	10,000	38,000	38,000
eScan brikkelesar		1	1	12,850	12,850	5,000	7,850	7,850
eScan2 komplett m/EPR3		1	1	15,000	15,000	5,000	15,000	15,000
Avlesingsenhet, RS232, USB		1	1	1,820	1,820	910	910	910
Startdisplay ESD2		1.5	1.5	17,000	25,500	5,000	20,500	20,500
Startklokke		1	1	1,000	1,000	1,000	0	0
Utleigebrikker (nyare en 5 år)		54	54	400	21,600	5,000	16,600	16,600
Utleigebrikker (eldre en 5 år)		22	22	400	8,800	6,000	2,800	2,800
Sum tidtakarutstyr					134,570	37,910	101,660	101,660
Turorientering								
Postflagg		75	50	45	3,375	1,000	2,375	2,375
Impregnerte stolpar		32	31	50	1,600	500	1,100	1,100
Tenger og stifteklemmer		50	20	40	2,000	1,800	200	200
Sum turorientering					6,975	3,300	3,675	3,675

Anna utstyr							
Kiosktelt 8x5m (2023)	1	1	17,000	17,000	0	17,000	17,000
Quick-Up telt	2	2	4,500	9,000	4,500	4,500	4,500
Lagstelt (Tunneltelt 2007)	1	1	6,600	6,600	3,300	3,300	3,300
Lagstelt (Tunneltelt lite 2018)	1	1	5,250	5,250	1,313	3,938	3,938
Lagstelt poppup (2024)	1	1	5,000	5,000	0	5,000	5,000
Toalettelt	1	1	1,350	1,350	675	675	675
Kampingbord, stolar, m.m.	3	3	500	1,500	750	750	750
Div utstyr trening/instruksjon	1	1	5,000	5,000	1,250	3,750	3,750
Sum anna utstyr				50,700	11,788	38,913	35,163
Sum i alt				1,860,745	102,913	1,784,473	264,335